



Høyringsfråsegn om NRK-plakaten frå Nynorsksenteret

Kulturdepartementet har sendt ut NRK-plakaten på høyring, som ei førebuing til ei stortingsmelding om NRK. Departementet bed om innspel både om forma og innhaldet til NRK-plakaten.

Nynorsksenteret er eitt av ti nasjonale senter under Utdanningsdirektoratet. I mandatet vårt, som er vedteke av Kunnskapsdepartementet, står det at vi skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir iverksett og gjennomført slik at alle barn, unge og vaksne kan få ei likeverdig og tilpassa opplæring av høg kvalitet i eit inkluderande fellesskap. Hovudoppgåva vår er å bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa.

Hovudføremålet med høyringsfråsegna vår er å understreka kor viktig NRK er som produsent av tekst og tale på nynorsk og dialekt for born og ungdom som lærer nynorsk. Dette gjeld både for born og ungdom som har nynorsk som hovudmål og dei som har det som sidemål. På den bakgrunnen vil me peika på at språkkrava i §14, og særleg presiseringa i §14 d, bør vidareførast, og på det same detaljnivået som no. Me vil også peika på at det har stor verdi for dei som lærer å skriva nynorsk at det er mogleg å høyra normert nynorsk tale. NRK er den viktigaste leverandøren av dette i dag. Me vonar praktiseringa av språkreglane i NRK held fram slik at normert nynorsk tale vert gjeve rom, både i sendingar retta mot vaksne og born.

Utdjuping

Å ha ein ålmennkringkastar som legg vekt på språkleg, kulturelt og meiningsmessig mangfald er ein del av den norske kulturpolitikken. Krava til NRK om nynorsk og samisk, tv-produksjon i distrikta, om ei viss mengd speling av norsk musikk i sendingane m.m. er å forstå som konkretiseringar av denne.

Språkbruken i NRK er ikkje berre kulturpolitikk, han er også viktig for språklæringa til born og ungdom. Språkmeldinga *Mål og meining* slår fast at språklege rollemodellar er viktige for om nynorskbrukande ungdomar byter bort nynorsken eller ikkje (St.meld 35, 2007-2008, s. 80).

Språksituasjonen i massemedia vert også framheva som ein viktig faktor i undersøkingar om språkskifte mellom ungdom, mellom anna av i to rapportar av Karen Marie K. Garthus (2009, 2010) og i rapporten *Undersøkelse av nynorsk som hovudmål* av Proba samfunnsanalyse (Staalesen, 2014). Den siste rapporten er resultatet av ei undersøking av korleis elevar med nynorsk som hovudmål på språkblanda skular opplever denne situasjonen, og kvifor dei vel å byta til bokmål eller halda på nynorsk. Fleire elevar dreg fram bokmålsdominansen i media som årsak til at dei har bytt til bokmål. Proba skriv: «Opplevelsen av at «alt» er på bokmål deles av alle elevene vi har intervjuet. Det være seg på radio, tv, aviser, magasiner, skjønnlitteratur og på internett. Et unntak som trekkes frem er NRK, men andelen nynorsk anses som lav også der.» (s. 33).

Som ålmennkringkastar spelar NRK ei viktig rolle i å ta vare på, syna fram og dyrka det språklege og kulturelle mangfaldet i landet. For mange nynorskbrukande born og ungdomar er NRK truleg den viktigaste kjelda til å sjå og høyra nynorsk utanom skulen. Slik er det også for dei som har nynorsk som sidemål. Som nynorskførebilete er også nettsidene til NRK viktige, og det er viktig

at 25-prosentskravet framleis skal gjelda alt innhald og såleis også gjelda *nrk.no*. Sjølv om det er NRK som heilskap som står til ansvar for språkbruken, vil me peika på den viktige rolla distriktskontora har som produsentar av store delar av nynorsken i NRK.

Med opprettinga av *NRK Super* og med det medvitne arbeidet med nynorsk, dialekt og produksjonar lagt til andre stader enn Oslo, har NRK sprengt barrierar når det gjeld korleis barneliv og barnekultur kan framstillast og formidlast. Det ser ein kanskje lettast om ein samanliknar med barneinnhald frå kommersielle kanalar, der mange program og seriar er prega av bokmålstale og standardiserte fiksjonsunivers som ligg fjernt frå kvardagen til sjåarane. Det har noko å seia, også for born, å høyra sin eigen dialekt og å sjå filmar og seriar som berører eins eige liv. Me trur at krava i NRK-plakaten om å styrkja norsk språk, identitet og kultur med dei ulike underpunkta er eit fundament for det gode og nyskapande barnekulturelle arbeidet *NRK Super* gjer.

Volda, 25.8.2014

Torgeir Dimmen
Leiar ved Nynorsksenteret

Kjelder det er vist til i fråsegna:

Garthus, Karen Marie Kvåle. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres*. Noregs Mållag.

Garthus, Karen Marie Kvåle, Jon Todal, og Kamil Øzerk. (2010). *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Valdres Mållag og Noregs Mållag.

St.meld. nr. 35 (2007–2008). *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.

Staalesen, Pia Dybvik. (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2014-07. Oslo: Proba samfunnsanalyse.